ÅRSMELDING 2020

UTDANNINGS FORBUNDET

ULSTEIN

TILLITSVALDE I LOKALLAGET.

Styret har frå 1.august 2020 hatt slik samansetjing:

Leiar	(1 år)	Hedvig Haakonsholm	Ulstein ungdomsskule
Nestleiar	(1 år)	Ivar Andre Aadland	Høddvollbarnehagen
Styremedlem(val)		Liv Osnes Dalbakken	Ulstein vidaregåande sk.
Styremedlem(1 år)		Anja Ertesvåg	Ulsteinvik barneskule
Styremedlem(val)		Arne Sivertstøl	Hasund skule
Styremedlem(1 år)		Ester Lien	Ulstein skule
Styremedlem (val)		Sølvi Dimmen	PPT
Styremedlem (1 år)		Ole-Jacob Arnesen	Leiarmedlem, UBS

1.vara: (1 år)	Nils Olav Brekke	UVS
2.vara: (1 år)	Hanne Indregård	Ulstein kompetansesenter
3.vara: (1 år)	Caroline Torgersen	Høddvoll barnehage

Pensjonistkontakt: Torill Strandabø

ARBEIDSPLASSTILLITSVALDE OG KONTAKTPERSONAR

Utdanningsforbundet Ulstein har medlemmer på 20 arbeidsplassar i kommunen. 13 av arbeidsplassane har plasstillitsvald, dei som ikkje har passtillitsvald har kontaktperson. Utdanningsforbundet Ulstein har 90 pensjonistmedlemmer.

Arbeidsplasstillitsvalde 2020:

1. Haddal skule — Stian Storeide Fagerli
2. Hasund skule — Arne Sivertstøl
3. Ulstein skule — Ester Lien
4. Ulsteinvik barneskule — Anja Ertesvåg
5. Ulstein ungdomsskule — Knut Vikebakk
6. Ulstein kompetansesenter — Einfrid Grindheim
7. Ulstein vidaregåande skule — Nils Olav Brekke/Linda Sævik
8. Sundgotmarka barnehage — Evelinn Auflem Vågen
9. Gnist Støylane barnehage — Åse-Mari Sundgot Våge
10. PPT — Tina Louise Liadal
11. Høddvollbarnehagen — Ivar Andre Aadland
12. Oppvekst, spesped — Inger-Lise Frøystadvåg
13. Sætra Barnehage — Andrea Skeide

Kontaktpersonar på arbeidsplassar utan arbeidsplasstillitsvald:

1. Almejordet barnehage	Sissel H. Hasund
2. Blåtinden barnehage	Hilde Valland
3. Oppvekstkontoret	Ann-Christin Bonde Helliksen
4. Tryggheim barnehage	Berit-Mari Nystøyl
5. Ulstein kulturskule	Jette Hougard
6. Ulstein sanse- og aktivitetssenter	Synneve Brit Johansen

VALNEMNDA

Frå 1.august 2020 har fylgjande vore medlemmer i valnemnda:

Renate Fiskaa	Hasund skule
Mari-Ellen Løseth	Ulstein ungdomsskule
Silje Katrin Larsen	Blåtinden barnehage

MEDLEMER

Utdanningsforbundet Ulstein har i 2020 auka medlemsmassa og ved årsskifte auka til 362 medlemmer, frå 356. Styret ved leiar har pr i dag tildelt 43 % frikjøp. Vervearbeidet pågår kontinuerleg, og det blir jobba for å få på plass arbeidstillitsvalde der vi manglar det.

Årsmelding lokallagsleiar vår 2020

Stig Grimstad

Styret:
Ein gjennomførte 3 styremøte og 1 utvida styremøte samt avslutningsmøte til våren med mat for eit utvida styre.

Medlemsarbeid:
Denne våre rakk vi berre barnehage og pensjonistar i tillegg til det daglege medlemsarbeidet. Årsmøte var ferdig planlagd til 1 april, men det vart digitalt.

Pensjonistsatsing:
Torill Strandabø er pensjonistleiar. Denne våren rakk vi to arrangement før Coronaen ga ein stoppar for vidare satsing. 26 februar inviterte vi til visesong, ball og drøs på Sufh. Heile 97 møtte frå Søre Luten. Ulstein hadde flest deltakarar med 31. Norske viser var på programmet og folk koste seg. 6 mars inviterte Volda til samling i Hornindal. 6 stk viste interesse, men berre 1 møtte opp. Vi får håpe at aktiviteten tek seg opp i løpet av hausten 2021.

Barnehage:
5. Mars inviterte vi alle barnehagelærarar og PPT tilsette til møte med Mari Otnes til å snakke om IA-avtalen. Vi inviterte alle som ville kome i regionen, også ikkje-medlemmer. Vi baud Mari og til å motiverte for organisasjonsarbeid og medlemsskap i Utdanningsforbundet. På menyen sto bacalao og lam. 42 påmelde frå Søre Luten.

Årsmøte blei digitalt 13. mai.
Digitalt årsmøte var gjennomført 13.05. Ulstein hadde god deltaking i høve til mange andre lokallag. Årsmøtet hadde kun val på saklista og vart gjennomført etter planen.

Kurs:
Vi rakk å sende folk til Ålesund på TVO 3 kurs og nokre på Ungseminar før Coronaen sette ein stoppar for Pensjonistkurset som blei avlyst 11 mars. Leiar fekk og seg ein tur til Oslo på kurs 28 og 29 januar. Etter nedstenginga i mars hadde vi på fylkesnivå ein del møter på Teams på våren.

Nettverksamlingar Ytre Søre:
Lokallaget vårt høyrer til i Nettverk 1, eit nettverk samansett av tillitsvalde frå Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Ørsta, Vanylven og Volda. Dette er gode samlingar, der lokallaga har høve til å melde opp saker ein vil diskutere med andre lokallag. Sindre Sandbakk frå Ørsta har leiarvervet.

For styret i Utdanningsforbundet Ulstein
Stig Grimstad, lokallagsleiar vår 2020

Årsmelding lokallagsleiar haust 2020

Hedvig Haakonsholm

Styret:
Underteikna tok over stafettpinnen 01.08.2020. Sidan årsmøtet i annleisåret 2020 var digitalt, hadde styret fått ein del ekstra oppgåver delegert frå årsmøtet. Vi starta dermed styrearbeidet med å få godkjent budsjett og satsingsområde. Hausten 2020 har vi hatt 5 styremøter, i desember hadde vi utvida styremøte der vi kalla inn arbeidsplasstillisvalde og valnemnda. Etter styremøtet åt vi middag ilag på Folk.

Medlemsarbeid:
Medlemsmøte og aktivitetar vart sterkt avgrensa, grunna Korona. Felles medlemsmøte på hausten vart avlyst. For å gi tilbake til medlemene vart fyljande styrevedtak gjort:

SAK 38/20 Klubbmøte november
Forslag til vedtak: Felles medlemsmøte er i år avlyst grunna korona. Klubbane får høve til å arrangere klubbmøte med eit budsjett på inntil 300 kr. pr deltakande klubbmedlem. Møtet må gjennomførast seinast innan november 2020, og rekning vere motteke av lokallagsleiar innan 30. november. Forslaget blei vedteke samrøystes.

Meldinga vart sendt ut til alle arbeidsplasstillitsvalde (ATV) og kontaktpersonar, medlemer utan klubb fekk eiga melding via e-post. Vi fekk positive tilbakemeldingar frå mange av dei som valde å nytte seg av tilbodet.
Besøk rundt på arbeidsplassane har vore utfordrande hausten 2020 grunna smittevern. Spesielt gjeld dette i barnehagane. Lokallagsleiar ser fram til å gjere seg skikkeleg kjend med alle arbeidsplassane i Ulstein, så snart smittevernreglane tillèt dette.
Kontakt med dei plasstillitsvalde har i hovudsak vore via felles Google Meet, e-post og telefon.

Pensjonistarbeid:
Torill Strandabø er pensjonistleiar. Lokallagsleiar vart teke godt i mot heime hos Torill, og vi hadde eit møte der vi la ein plan for korleis vi ville jobbe hausten 2020 og våren 2021. Pensjonistsamling for pensjonistane i Ulstein vart planlagt på SUFH, med middag og underhaldning. Invitasjon vart sendt ut. Så gjekk den nasjonale smittekurva opp, det kom innskjerping i smittevernreglane, og vi valde med tungt hjarte å utsette samlinga til 2021. Vi vil prioritere å få arrangement på plass så snart som råd for denne medlemsgruppa, men ikkje før vi er sikre på at vi kan gjennomføre på ein trygg måte.

Kurs:
Vi heldt fram samarbeidet om grunnskulering av ATV, i år saman med Hareid, Herøy, Ørsta og Volda. Kurset var på Ivar Åsen Hotell i Ørsta, og det var Ørsta og Volda som stod som hovudarrangørar. Ulstein hadde 3 ferske ATV med, og fersk lokallagsleiar som bidrog med deler av opplæringa. Vi opplever dette samarbeidet som svært nyttig, og kjem til å satse vidare på dette.
Dette var hausten 2020 det einaste kurset som vart halde fysisk. Alle andre planlagde kurs og samlingar vart enten avlyst, eller digitale.

Satsingsområda:
Styret fekk på årsmøtet delegert ansvar for å utarbeide lokale satsingsområde. Styret har hausten 2020 jobba godt med å forankre satsingsområda lokalt. Dette er eit pågåande utviklingsarbeid som held fram i 20201. Vi har teke utgangspunkt i Utdanningsforbundet sitt politiske dokument, Vi utdannar Noreg, og utarbeida våre eigne lokale satsingsområde:

- Utdanningsforbundet skal arbeide for gode overgangar mellom dei ulike nivåa i utdanningssystemet.
- Barn, unge og vaksne i utdanning treng eit godt lag rundt seg, eit lag som saman ivaretek dei faglege, sosiale, fysiske og psykiske behova deira på ein god måte.
- Alle barn, unge og vaksne skal ha rett til kvalifiserte lærarar, uavhengig av kvar dei bur, kva for morsmål dei har, eller kvar i utdanningsløpet dei er.
- Alle nyutdanna lærarar skal få rettleiing frå kvalifiserte lærarar.
- Leiarar og lærarar er del av det same profesjonsfellesskapet.
- Utdanningsforbundet skal styrke den norske arbeidslivsmodellen, som er basert på eit nært og tillitsfullt samarbeid mellom partane.
- Tilsette må vere beskytta mot vald og trugslar om vald og mobbing, både i arbeidssituasjonen og i digitale medium.
- Utdanningsforbundet vil arbeide vidare for å rekruttere tillitsvalde på alle arbeidsplassar der det finst medlemmer, og vil bidra til å styrke klubben som ein arena for å diskutere saker som er viktige for medlemmene.

For styret i Utdanningsforbundet Ulstein
Hedvig Haakonsholm, lokallagsleiar haust 2020

Årsmelding hovudtillitsvald (HTV) 2020

Hedvig Haakonsholm

HTV i Utdanningsforbundet er medlem av Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og Administrasjonsutvalet. Utdanningsforbundet tek del på leiarsamlingar i kommunen ilag med Fagforbundet, Delta og Norsk Sykepleier Forbund. HTV er med på skuleleiarmøte ein gong pr. mnd. I tillegg er det drøftingsmøte med skulesjef, og drøftingsmøte med kommunalsjef ein gong pr. mnd. Desse samarbeidsmøta fungerer svært godt. Dei hovudtillitsvalde har også samhandlingsmøte med kommuneleiinga ein gong pr. mnd. Det er tett samarbeid med Fagforbundet, Delta, Norsk Sykepleierforbund og hovudverneombod i dei sakene der dette er naturleg. HTV er med i samarbeidsorganet for PPT. HTV har vore med på to kommunale satsingar i 2020, eit leiarutviklingsprogram og ei satsing på heiltidskultur.

Tariff:
Hausten 2020 var det lokale forhandlingar på Kap 5 og Kap 3, dei som jobbar som konsulentar og leiarar, 6 personar. I år var det for første gong forsøkt fellesforhandlingar. Alle fagforeiningane sat rundt same bord, og forhandla samtidig. Det var lokallagsleiar som forhandla på vegne av UDF sin medlemer. I år var ramma svært trong, og vi enda på det same som frontfaget, med lik kroneutbetaling til alle. Denne forhandlingsforma fungerte fint i 2020, men vi ynskjer det ikkje slik i framtida.

Kontorlokale HTV:
HTV har kontor i første etg. på Ulstein Rådhus, og har kontortid kvar dag. Det er berre å ta kontakt for å avtale møte, enten via e-post eller telefon.
post@ulstein.utdanningsforbundet.no
Telefon: 986 44 824
HTV hadde i 2020 50% frikjøp. Frikjøpet som leiar gir ekstra fleksibilitet, og gjer at eg etter avtale kan vere tilgjengeleg på kontoret kvar dag.

Hedvig Haakonsholm, HTV Utdanningsforbundet Ulstein